



REGLAR FOR BRUK AV IPAD I SKULANE

Reglane er heimla i Ordensreglement for Vindafjordskulane.

1. Generelt om bruk

- iPad-en er skulen sin eigedom, og det er læraren som bestemmer når og korleis han skal brukast.
- iPad-en må behandlast forsiktig, spesielt når han ligg i sekken.
- iPad-en skal berre brukast til skulearbeid, ikkje til spel, verken i timane, i friminutta eller på SFO
- iPad-en skal ikkje lånast ut til andre. Koden er personleg. Andre skal ikkje kjenne til denne.
- Det er aldri lov å ta bilde/video av medelevar eller tilsette utan at det er avtalt med vedkommande.

2. Oppbevaring og behandling

- iPad-en skal alltid vera inne i dekslet, både på skulen og heime.
- Det er aldri lov å eta eller drikka med iPad-en på same pult/bord.
- iPad-en skal alltid vera tilstrekkeleg opplada før skuledagen startar.
- Appar skulen installerar på iPad-en må ikkje fjernast. Elevar kan ikkje lasta opp eigne appar på iPad-en.

3. Internett

- På skulen er det kun lov å gå på internett etter avtale med læraren, til nettstader som har med skulearbeidet å gjera.

4. Konsekvensar ved brot på reglane

- Dersom iPad-en blir brukt i strid med desse reglane, vil iPad-en bli teken inn og må hentast av føresette.
- Skulen tar ikkje ansvar for tap av data og har rett til å sletta innhald på iPad-ane. Personlege data må derfor lagrast også andre stader enn på iPad-en.
- Eleven kan mista retten til å ta med iPad-en heim for kortare eller lengre periode.
- Føresette kan vera erstatningspliktige for skade på skulen sin eigedom. Skulen brukar skjønns og vil vera i dialog med føresette før eit eventuelt erstatningskrav.

Svarslipp _____

Me har lese og forstått reglane for iPad.

Avtalen gjeld frå påført dato og signering av denne låneavtalen. iPad-en er Vindafjord kommune sin eigedom, og skal leverast tilbake når eleven sluttar på mellomtrinnet.

Eleven- underskrift:.....Klasse:.....Dato:.....

Underskrift føresette: